

HANDLINGSPROGRAM 2014 – 2017

**Ynskjer frå kommunal-teknisk avdeling
nye driftstiltak sjølvkost**

ÅRSBUDSJETT 2014, HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2014-2017

2.2.3 KOMMUNALTEKNISK AVDELING

Kommuneplan for Gol 2008-2020 – utdrag av mål for verksemda

VASSFORSYNING OG AVLØP

- Hovudplanar for vatn og avløp skal vera retningsgjevande for prioritering av tiltak på vass- og avløpssektoren
- Abonnentane skal ha nok vatn, godt vatn, sikker og effektiv vassforsyning
- Kommunale vass- og avløpstenester skal sikrast gjennom gode kvalitetssikringssystem, rutinar og informasjon
- Gol kommune skal ha 100% dekningsgrad på kommunale kostnader med vass- og avløpstenester
- Stimulere til rekruttering av fagkompetanse på vatn og avløpssektoren på alle nivå
- Vidareutvikle tenestene med fokus på HMS, kompetansehevande tiltak og IT-baserte løysingar.

RENOVASJON

- Kommunen skal vere pådrivar for alternativ og nyskapande avfallshandtering
- Gjennomføre tiltak for å nå målsetjingane i avfallsplan for Hallingdal
- Gol kommune skal stimulere personar og verksemdar til avfallsminimering og gjenvinning.

KOMMUNALE VEGAR OG TRAFIKK

- Alle kommunale vegar skal ha tilfredsstillande standard for dei behov vegane skal tene
- Utarbeide ein forpliktande "hovudplan veg" som grunnlag for prioritering og finansiering av framtidig kommunal infrastruktur/vegssystem
- Nye kommunale vegsystem skal forankrast i kommuneplanens arealdel og ha standard som tilfredsstillar statlege retningslinjer
- Alle vegar der grunnforholda tilseier det, skal ha fast dekke
- Gatemiljøet i Gol sentrum skal ivareta med god drift og godt vedlikehald
- Trafikktryggleiksplan for Gol skal vera retningsgjevande for prioritering av trafikktryggleik
- Trafikkplanlegging skal ha fokus på trafikktryggleik generelt og mjuke trafikkantar spesielt
- Etablere digitalt kartsystem for offentlege trafikkskilt.

Mål 2014 - 2017

Vatn og avløp

- Veda Hovudplan vatn og avløp.
- Gjennomføre tiltak prioritert i Hovudplan vatn og avløp med tilhøyrande handlingsplanar med særleg vekt på utbygging av vassforsyningsanlegga generelt.
- Følgje opp krav i rammeløyvet for utslepp.
- Vidareutvikle driftstenestene med fokus på HMS, kompetansehevande tiltak og IT-baserte løysingar.

Renovasjon

- Gjennomføre mål i Avfallsplan for Hallingdal 2011 - 2014

Vegsektoren- kommunale vegar

- Betre standarden av kommunalt vegnett ved å tilføre midlar i samsvar med handlingsplanen.
- Følgje opp tiltaksplanen i Trafikktryggleiksplan for Gol kommune.
- Vidareutvikle driftstenestene med fokus på HMS, kompetansehevande tiltak og IT-baserte løysingar.

Tiltak 2014 – 2017

- Rehabilitering av vatn- og avløpsleidningar i samsvar med hovudplanar og handlingsplan.
- Gjennomføre tiltak i Avfallsplan for Hallingdal.
- Utbetring og asfaltering av det kommunale vegnettet i samsvar med behova i handlings-planen innanfor gitte økonomiske rammer.
- Følgje opp tiltaksplanen i Trafikktryggleiksplan for Gol kommune.
- Vidareutvikle driftstenestene med fokus på HMS, kompetansehevande tiltak, IT-baserte løysingar og utstyr som er nødvendig for ei god tenesteyting.

Økonomiplan 2014 - 2017

INVESTERING – Kommunalteknisk avdeling sitt framlegg:

Tiltak som ligg inne i Økonomiplan 2013-2016, er føresettt oppretthaldne.

Budsjettkap.	Videreføring av tiltak – jf. Økplan 2011-2014 med nye tiltak og endringer. (i fet skrift og kursiv)	2014	2015	2016	2017
0.4310	<u>Vassforsyning</u> 1. Utskifting Heradleidning del I-II-III (prosjekt 124) 2. Valdresvegen/Sislevegen rehabilitering ledningsnett 3. Torstadvegen rehabilitering ledningsnett 4. Stasjonssida rehabilitering ledningsnett	5.000 500	250	250	
0.4320	<u>Avløp</u> 1. Valdresvegen/Sislevegen rehabilitering ledningsnett 2. Torstadvegen rehabilitering ledningsnett 3. Stasjonssida rehabilitering ledningsnett og pumpestasjon 4. Innløp Golsfjellet renseanlegg	500	250 500	1000	
0.4330	<u>Renovasjon</u>				
0.4350	<u>Kommunale vegar</u> 1. Trafikktryggleikstiltak kommunal eigendel (frå drift) 2. Utskifting av traktor (delfinansiering)-sjå vatn/avløp 2010/12 3. Utskifting av utstyr til traktor. 4. Asfaltering av p-plass v/austre avkøyring Rv7 5. Rehabilitering Eiklid bru 6. Utskifting bil driftsavdeling	100 350 150 120 1.000 350	100	100	100

Tabellen viser både tiltak i økonomiplanperioden 2014-2017 og årsbudsjettet for 2014.

Kommentar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2014-2017

Vassforsyning og avløp

Avklaring vedr. grunnavståelse til prosjekt 124 etappe I, II og III, er i orden slik at det kan prosjekteres ferdig, legges ut på anbud og utførast i 2013/14.

Ledningsnett i området Valdresvegen og Sislevegen må rehabiliteres på grunn av alder og forsyningssikkerhet. Tiltaket ses i samanheng med utbygging av ny skule.

Ledningsnett ovanfor Torstadvegen har lekkasjer og trenger rehabilitering.

Innløpet på Golsfjellet renseanlegg trenger et sandfang og forbedra forhold for prøvetaking.

Ledningsnettet på stasjonssida har lekkasjer og frostproblemer. Pumpestasjon avløp er utslitt.

Revideringa av Hovudplan vatn og avløp vil avklare framtidige nye investerings- og driftstiltak i perioden f.o.m. 2014.

Renovasjon:

Ingen tiltak

Kommunale vegar

Trafikktryggleikstiltak kommunal eigenandel gjer det mogeleg å søke Statens vegvesen om å dekke 60% av tiltaket.

Det ble lagt inn forslag om utskifting av traktor med 500 000 kroner i 2010. Prisstigning og redusert innbyttepris gjør at dagens behov er på kr. 700.000. Av dette manglar avdelinga 350 000 kroner som skal budsjetterast på vegsektoren. Utsatt utskifting av traktoren har- og vil føre til redusert innbyttepris og høye driftsutgifter i form av kostbare reparasjoner. Dette er nærare beskrevet under tiltak for investeringsbudsjett 2014-17.

Feiemaskin til traktor er slitt og krever ofte reparasjonar. Den feiemaskinen vi har i dag har ikke oppsamler, noe som gjør at den er lite effektiv og medfører stor risiko for skade på bilar og bygningar langs vegane. Det er derfor tatt med midlar til kjøp av feiemaskin til traktor i 2014

Eiklid bru vart rehabilitert for ca 500.000,- i 2010, dette for å kunne opprettholde brua som kjørevei på kort sikt. Totale rehabiliteringsbehov for Eiklid bru er satt til 1.5 mill. Kommunalteknisk avdeling har derfor satt opp et behov på 1 mill for å bringe brua i forskriftsmessig stand.

Bilen til driftsavdelingen er 2004 modell og har gått ca.145.000,- Bør byttas ut i 2014 med omsyn til innbyttepris og økte vedlikeholdskostnader.

Når det gjeld andre tiltak, blir det vist til kommentarar frå budsjettbehandlinga for 2013.

DRIFT – Kommunalteknisk avdeling sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2014	2015	2016	2017
4310/4320	<u>Vassforsyning og avløp</u> 1. Sanering/rehabilitering ledningsnett 2. Innleige av konsulent for registrering av ledningskartverk. 3. Pumpestasjon Bjødnalia, oppjekking, nytt golv og markisolering	100 50 50	100 50 50	100 50 50	100 50 50
4330	<u>Renovasjon</u> Drift/vedlikehold av returpunkt i Gol kommune				
4350/4351/ 4352	<u>Kommunale vegar</u> 1. Asfaltering/utbetring av vegar 2. Auke i drift/vedlikehald kommunale vegar og bruer 3. Auka kostnad til vintervedlikehald 4. Omlegging av gatelys Heslabrua og omegn. 5. Vinterdekk Valtra 8050 6. Forventa større reparasjonar på traktor	1.100 400 200 50 56 40	1.100 400 200 200 40 40	1.100 400 200 200 40 40	1.100 400 200 200 40 40

Kommentar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2014-2017

Ein føreset at investeringar og endringar i driftstiltak som vart vedtekne i økonomiplan 2013-2016 blir uendra. Tabellen syner både endringar og nye tiltak i økonomiplanperioden 2014-2017 og årsbudsjettet for 2014.

Vatn og avløp

Gjennomføre lekasjesøk og utbetring/sanering på bakgrunn av registrerte lekasjer.

Innleige av konsulent til oppdatering og kvalitetssikring av digitalt ledningsnett. Registrering av endringar og innlegging av digitale bilder.

Pumpestasjonen i Bjødnalia sig ned i bakkant. Kranbjelke i taket er så skjeiv at talje ikkje lar seg benytte forsvarlig. Bygget må jekkas opp, understøttast og markisoleraast. Golvet i bakkant må pigges opp og støpes på nytt.

Kommunale vegar og gatelys.

Gol kommune brukte i 2009 vel 2,0 mill.kroner av regjeringa sin tiltakspakke til vegføre mål. I behovsanalysa til Øk-plan 2011-14 var det føresett at vedlikehaldsmidlane måtte aukast med 1,1 mill kroner i året i planperioden. Sjølv om tiltakspakka bidrog til å rette opp delar av etterslepet, vil det framleis vera behov for å auke midlane til veg framover. Stort etterslep på asfaltering fører til økte utgifter til drift og vedlikehold av vegane. Eit godt døme på dette er Sentrumsvegen som vart fresa i 2008. Det var djupe hjulspor som gjorde vegen mindre trafikksikker samla opp vatn og umogeleg å brøyte skikkelig. Fresinga javna ut hjulspora slik at ei asfaltering eit av dei påfølgande åra kunne få best mogleg resultat. Men sidan det har vore så begrensa med midlar etter at det vart fresa, har det ikkje vore mogleg å følge opp planen. No er hjulspora på god veg attende, og eksisterande asfaltdekket er no ikkje tjukt nok til at det kan fresast meir. Om det ein gong skal asfalteraast i sentrum må ein då gjere det i to omgangar for å få eit resultat som varar. Dermed blir det totalt sett meir kostbart enn om ein hadde asfaltert når det var nødvendig. Liknande problemstillingar gjeld for mange av dei kommunale vegane.

Kommunalteknisk avdeling har difor føreslått at midlane til utbetring/asfaltering av kommunale vegar aukar til 1.100.000 kroner f.o.m. 2014.

Tiltaket er et forsøk på å etterkomme mål i kommuneplanens arealdel som seier at vegane skal ha ein tilfredstillande standard, og at alle vegar der grunnforholda tilseier det skal ha fast dekke.

Gol kommune har ansvar for totalt 10 bruer (inkl. Eiklid bru). Fleire av disse bruene har stort behov for vedlikehold. Inspeksjonsrapport utført i juni 2010 av Safe controll har avdekket et vedlikeholdsbehov. Kommunalteknisk avdeling har derfor satt opp et behov på kr. 400.000,- pr år i neste periode til vedlikehold av bruer og forefallande arbeid på vegnettet.

Det er fare for at ein eller fleira av bruene kan bli stengt. Dette er da i strid med mål i kommuneplanens arealdel om at vegane skal ha ein tilfredstillande standard.

Statens vegvesen skal gjennomføre strakstiltak for trafikksikkerhet rundt Heslabrua. Blant anna skal gateløys forbetrast. I samband med dette krev STV at kommunale gateløys i området separerast frå STV sitt system. Dette vil medføre ny strømforsyning og styring til ein del kommunale gateløys.

Den eldste traktoren må ha nye vinterdekk i sesongen 2013/14. I tillegg er det forventa at det vil oppstå større reparasjonar (Dette fell bort dersom traktoren byttes ut)

Renovasjon

Ingen nye tiltak eller endringer.

Kommunale gebyr for vatn, avløp og renovasjon - VAR-tenestene

Investeringsnivået er i all hovudsak basert på prosjekt i noverande ØK-plan, men med visse mindre justeringar.

Rentenivået på lån dei siste åra stemmer godt med det administrasjonen har lagt til grunn for utrekninga av kapitalkostnader og gebyr. Nødvendige investeringar samt forventa endringar i rentenivået vil setje preg på gebyrnivået i åra framover. VAR- tenestane skal vere sjølvfinansierande.

Gebyra for renovasjon og slamtømming av private avløpsanlegg vil i all hovudsak basere seg på budsjett frå Hallingdal Renovasjon. Nytt anbud gjeldande fra 2012 for innhenting av slam har ført til gebyrauke, og vil føre til ytterlegare auke i åra framover.

Endringane i gebyrsatsane for vatn, avløp og renovasjon vil ein ikkje ha klare før detaljbudsjettet er lagt fram i september, og det er berekna nytt gebyrgrunnlag basert på sjølvkostprinsippet.

Oppsummering

Kommunalteknisk avdeling sitt forslag til budsjett og økonomiplan vil i stor grad vere finansiert ved gebyrinntekter for tenester som vatn, avløp og renovasjon. Sjølv om kommunalteknisk avdeling har gjennomført og framleis står framfor store investeringar med påfølgjande nye driftsoppgåver, har det vore ei svært nøktern budsjettering i drifts- og vedlikehaldsmidlane. Hovudplan vann og avløp danner grunnlag for framtidig drifts- og investeringsnivå på desse tenestene.

Som tidlegare nemnt, og sjølv om tiltakspakka i 2009 var ei stor hjelp, er det for å nå måla til verksemda, framleis behov for auke i midlar til vegvedlikehald. Dersom det ikkje vert bevilga midlar til omfattande reasfaltering av kommunale veger, står vi i fare for at asfalterte veger blir omgjort til grusveger. Dette vil i så fall være i strid med målene i kommuneplanen. Det er derfor i år også gjort framlegg om og tilrådd ein vesentlig økning i midlene til dette formålet.

**BUDSJETTSKJEMA – DRIFTSKONSEKVENSA
 NYE DRIFTSTILTAK**

Tiltaknr.:	D4310-001-POS – VAR				
Prioritetsnr. innadelinga:	1 Ansvar/teneste: 4310/3451				
Tiltak(beskriving – nøkkelord):	Sanering og rehabilitering ledningsnett Prosjektet gjeld både vant og kloakk, men førebels ført vatn				
Henvisning lovverk:					
Art/År	2014	2015	2016	2017	Totalt:
DRIFT (BRUTTO):					
10000 – 10999					
11000 – 12999	100.000	100.000	100.000	100.000	
13000 – 13999					
14000 – 14999					
16000 – 16999					
17000 – 17999					
18000 – 18999					
Kort beskriving av tiltaket: Gjennomføre lekasjesøk og utbetring/sanering på bakgrunn av registrerte lekasjer.					
På kva for måte kan tiltaket få ekstern støtte– kva med bindingar:					
På kva for måte kan tiltaket redusere driftsutgiftene (effektivisering):					
Beskriv eventuelle konsekvensar for statlege målsettingar – framlegg til endring:					
Beskriv eventuelle konsekvensar for målsettingane i samfunnsdelen – framlegg til endring:					
Beskriv organisatoriske utfordringar og framlegg til korleis dei kan løysast:					

**BUDSJETTSKJEMA – DRIFTSKONSEKVEN SAR
 NYE DRIFTSTILTAK**

Tiltaknr.:	D4310-002-POS – VAR				
Prioritetsnr. innan avdelinga:	2 Ansvar/teneste: 4310/3451				
Tiltak(beskriving – nøkkelord):	Konsulent – registrering av ledningskartverk Prosjektet gjeld både vant og kloakk, men førebels ført vatn				
Henvising lovverk:					
Art/År	2014	2015	2016	2017	Totalt:
DRIFT (BRUTTO):					
10000 – 10999					
11000 – 12999	50.000	50.000	50.000	50.000	
13000 – 13999					
14000 – 14999					
16000 – 16999					
17000 – 17999					
18000 – 18999					
Kort beskriving av tiltaket: Innleige av konsulent til oppdatering og kvalitetssikring av digitalt ledningsnett. Registrering av endringer og innlegging av digitale bilder.					
På kva for måte kan tiltaket få ekstern støtte– kva med bindingar:					
På kva for måte kan tiltaket redusere driftsutgiftene (effektivisering):					
Beskriv eventuelle konsekvensar for statlege målsettingar – framlegg til endring:					
Beskriv eventuelle konsekvensar for målsettingane i samfunnsdelen – framlegg til endring:					
Beskriv organisatoriske utfordringar og framlegg til korleis dei kan løysast:					